

Arkiv: <arkivID><jplID>
Plannavn-
Kommunedelplan
Helse, sosial og
omsorg, Komnr-4631,
FA-L1

JournalpostID:

Saksbehandlar:

Dato: 25.08.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
026/20	Utval for helse og omsorg	01.09.2020
038/20	Eldreråd	12.10.2020
041/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	12.10.2020
036/20	Ungdomsråd	12.10.2020

Kommunedelplan Helse, sosial og omsorg 2021-2033 - Framlegg til Planprogram

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova §§ 11-12 og 11-13 vedtek Utval for helse og omsorg oppstart av arbeid med «Kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2021-2033». Planprogrammet vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i 6 veker.

Utval for helse og omsorg 01.09.2020:

Behandling:

Rådgjevar plan og analyse, Hans Kristian Dolmen, orienterte og svara på spørsmål i saka.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg i møtet:

I punkt 4.2 under "Aktuelle tema for kommunedelplanen" blir underpunkt "Bustadpolitiske spørsmål" fjerna.

I punkt 4.2 under "Aktuelle tema for kommunedelplanen" blir følgjande setning lagt til: Utvalet ønskjer å få innspel om tema, tilhøve som bør vurderast og eventuelt takast inn i planarbeidet. Aktuelle døme på tema kan vere: Jfr. punkt 3.2.

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg med endringsframlegg sett fram i møtet.

HO- 026/20 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova §§ 11-12 og 11-13 vedtek Utval for helse og omsorg oppstart av arbeid med «Kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2021-2033», med følgjande endringar:

I punkt 4.2 under "Aktuelle tema for kommunedelplanen" blir underpunkt "Bustadpolitiske spørsmål" fjerna.

I punkt 4.2 under "Aktuelle tema for kommunedelplanen" blir følgjande setning lagt til: Utvalet ønskjer å få innspel om tema, tilhøve som bør vurderast og eventuelt takast inn i planarbeidet. Aktuelle døme på tema kan vere: Jfr. punkt 3.2.

Planprogrammet vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i 6 veker.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 12.10.2020:

Behandling:

Fellesframlegg:

RMNF er positive til at planprogrammet viser til FN's berekraftsmål. Rådet bed om at planprogrammet òg legg til grunn "FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)" og "NOU 2016: 17 På lik linje — Åtte løft for å realisere grunnleggende rettigheter for personer med utviklingshemming."

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 041/20 Vedtak:

RMNF er positive til at planprogrammet viser til FN's berekraftsmål. Rådet bed om at planprogrammet òg legg til grunn "FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)" og "NOU 2016: 17 På lik linje — Åtte løft for å realisere grunnleggende rettigheter for personer med utviklingshemming."

Politisk handsaming

Planprogrammet skal i høyringsperioden til uttale i Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdomsrådet. Planprogrammet skal seinare til innstilling i Utval for helse og omsorg og fastsetjast i Kommunestyret.

Bakgrunn

Kommunane skal utarbeide og vedta kommunal plastrategi som drøfter strategiske val knytt til samfunnsutvikling, kommunal verksemd og prioritere planoppgåver. Vidare skal kommunen ha ein kommuneplan som består av ein førande samfunnsdel og ein utfyllande arealdel. Mål og strategiar skal løysast gjennom tiltak i ein handlingsdel som oftast er ført saman med økonomiplan. Dette er samla sett kommunens mest sentrale styringsverktøy.

Kommunen kan i naudsynt grad utarbeide kommuendelplanar for samfunnstema, område eller del av verksemda. Kommundelplan for helse, sosial og omsorg er prioritert i planstrategi for Alver 2020-2024. Planen vil ta opp i seg og utdjupe føringar frå samfunnsdelan samstundes som den synleggjer rammer, behov og utvilingsstrekk for fagområdet og denne sentrale delen av kommunen si verksemd. Den vil vere ein del av styringsverktøya til kommunen.

For alle planarbeid som har vesentleg verknad for miljø og samfunn skal det utarbeidast planprogram. Planprogrammet er ei oversikt over gjennomføringa av planarbeidet. Programmet visar korleis kommunen ønskjer å arbeide med kommuendelplanen, kva tema ein ønskjer å fokusere på, korleis ein vil søkje å involvere innbyggjarar til medverknad og få råd og innspel til ønska samfunnsutvikling. Grunnlaget for planprogrammet delar og kunnskap om dei mest sentrale utviklingstrekk til kommunen.

Saksopplysninger:

Alver kommune skal utarbeide og byggje opp alle sentrale styringsverktøy i tråd med vedteken planstrategi. Samfunnsdelen skal liggje i botn og vere ein del av grunnlaget for kommuendelplanar som Oppvekst og Helse, sosial og omsorg. Ein del av arbeidsoppdraget er å leggje vekt på ei samla samfunnsplanlegging og knyte saman dei ulike styringsverktøya slik at grunnlaget for plan- og gjennomføringsarbeidet vert meir heilskapeleg.

I intensjonsavtalen står det: «Alver kommune skal vere ein heilskapeleg samfunnsutviklar og byggje fellesskap i ein region med sterk vekst og utvikling». Målet er å sikre ein heilskapeleg og

planstyrt utvikling av den nye kommunen. Dette skal vi få til gjennom at kommuneplan og kommuendelplanene vert tydelege styringsdokument som er bygd på overordna føringar og lokal kunnskap, og med brei medverknad og involvering.

Organisering av arbeidet med samfunnsdelen og kommunedelplanane

Arbeidet med styringsverktøya er organisert som prosjekt og blir gjennomført etter ein bestemt metodikk. Arbeidet med samfunnsdelen og kommunedelplanane Oppvekst og Helse, sosial og omsorg går parallelt. Likevel er det ei viss forskyving der arbeidet med samfunnsdelen ligg foran slik at ein kan fange opp og diskutere innspel og føringar som har verknad for kommuendelplanane.

Arbeidet er organisert med administrativ prosjektgruppe og ulike referanse- og arbeidsgrupper. Formannskapet er politisk styringsgruppe for arbeidet med samfunnsdelen medan utval for helse og omsorg er styringsgruppe for kommunedelplan helse, sosial og omsorg.

Berebjelkar i planarbeidet

Helsefremming og berekraftsmåla vert gjennomgangstema og berebjelkar i plandokumenta. Berekraftsmåla ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng og inneber at vi må tenkje heilskapleg når vi skal løyse framtidens utfordringar. Regjeringa har forplikta Noreg til å arbeide for å nå måla, og ventar at vi som kommunar brukar måla aktivt i eigen planlegging.

I tillegg er det eit mål at styringsverktøya skal bidra til eit systematisk folkehelsearbeid i Alver. Vi skal ta tak i utfordringane og bruke dei virkemidlane vi har for å leggje til rette for gode liv og trygge omgjevnader for innbyggjarane våre.

Hovudtema i planprogrammet

Planprogrammet byggjer på den eine sida på nasjonale og regionale føringar for planlegging og på den andre sida på same type føringar for fagområde helse, sosial og omsorg. I tillegg kjem lokalt kunnskapsgrunnlag om utviklingstrekk og utfordringar i kommunen, intensjonsavtalen frå 2016 og strategi- og styringsdokumentet elles. Vidare skal det overordna planarbeidet i Alver konkretisere langsiktige og overordna arealstrategiar som kan ha påverknad for alle fag- og verksemdsområde i kommunen.

Nokre hovudtema som planprogrammet i samfunnsdelen tek opp:

- Befolkningsutvikling, Samordna areal- og transportplanlegging, Grøn omstilling, Fellesskap og attraktive nærmiljø, Levekår og folkehelse, Oppvekst og utdanning, Kultur, idrett og friluftsliv og Samfunnstryggleik og beredskap

Nokre hovudtema som planprogrammet i kommuendelplanen tek opp:

- Demografi, sosial berekraft, tidleg innsats, kompetanse, omstilling, heilskaplege tenester, velferdsteknologi, forbetningsarbeid, kultur og frivillighet, samarbeid og samhandling, førebygging

Slik skal vi involvere og hente innspel

Eit viktig mål med medverknad og involvering i prosessen med samfunnsdelen og kommunedelplanane er å byggje ein ny, felles identitet for alverbuen. Kven er vi, kor skal vi og korleis kjem vi oss dit?

Vi skal dele kunnskap om prosessen på ei måte som gjer at folk evnar og har lyst til å bidra. Vi

vil bidra til å bygge nettverk på tvers av generasjonar, aktørar og «gamle kommunegrensar». I tillegg ønskjer vi å skape tilhøyrse og eigarskap til samfunnsutviklinga og eige nærmiljø.

Medverknadsopplegg

Korleis skal vi nå desse måla? Kommuneplanen sin samfunnsdel og dei øvrige styringsdokumenta er viktig for alle som bur og driv næring i Alver. Før vi startar arbeidet med sjølve planane ønskjer vi å høyre kva ulike grupper i kommunen meiner om framtida si.

Korleis me i desse tider skal løyse involvering og medverknad er stadig i endring og me ønskjer naturleg nok å gjere dette på eit trygt og forsvarleg vis. I perioda frå september til desember vil vi arbeide med medverknad og involvering der det er klart at digital verktøy vil ha ei sentral rolle. Så er me utfordra på korleis me kan formidle, informere og motivere til deltaking, men endra arbeidsform kan og opne nye moglegheiter.

Vi ønskjer å hente innspel frå alle som bur i kommunen, og mellom anna:

- Barn og unge, eldre, sårbare grupper som elles ikkje er så lett å involvere eller kome i kontakt med, frivillige lag og organisasjonar, næringsliv, leiarar og tilsette i Alver kommune, politiske råd og utval, og særleg Ungdomsrådet og Eldrerådet

Prosjektgruppa til samfunnsdelen har laga ein medverknadsstrategi med hovudstrategiar for korleis vi skal arbeide med medverknad og involvering, og korleis prosessen og samfunnsdelen skal bidra til å byggje ein ny felles identitet. Dette er samla i eit eige dokument kalt «Medverknadsstrategi»:

- Vi skal bruke eit klart språk i all skriftleg og munnleg kommunikasjon
- Vi skal inviterer oss sjølv til etablerte møteplassar
- Vi skal bruke sosiale medium og digitale verkemiddel aktivt
- Vi skal bruke visuelle verkemiddel som set i gang diskusjonar og profilerer prosessen

Det blir no utarbeida ein konkret plan for medverknadsopplegget med oversikt over kven vi skal snakke med, når og på kva arena vi skal treffe dei. Kommunestyret og relevante utval skal i politisk verkstad arbeide med formulering av mål og strategiar i samfunnsdel og kommunedelplanane.

Vedlegg i saken:

24.08.2020	KDP HSO Framlegg Planprogram 240820	1434807
24.08.2020	Folkehelseoversikt 2020 Alver 210820	1434809
24.08.2020	Folkehelseprofil 2020 Alver	1434808